

Tørdal 3. juni 2026

Høringssvar til endring av skulestruktur.

Me bur i Tørdal og har hatt 3 ungar i barnehage og skule her. Om att og om att har det vore truga med å leggje ned skulen. Resultatet av den usikkerheten som nå rår, ser me tydeleg: mange unge har det siste året flytta frå bygda.

12. juni i 2025 blei det vedtatt å oppretthalde tre skulekretsar. Skuffelsen og mismotet er derfor stort då det etter få månadar igjen blei rasla med nedleggingstruslar. Ingen likar denne usikkerheten. Og folk begynner nå å miste trua på at Tørdal er noko verd for folk nede på kommunehuset. For å sleppe usikkerheten, så jobbar nå eldsjeler for å opprette Montessori-skule i Tørdal. Og det er vel og bra at det planleggjas noko så bra her oppe. Men det burde ikkje være nødvendig med slikt tiltak for å skape tryggleik og ro i bygda. Når dei som bur her mister trua på administrasjon og politikerar, då skal det mykje til å skape ein god og trygg dialog igjen. For det er vedtatt og lova ting, som me ser om og om att, blir endra igjen etter kort tid. Det verker som det ikkje er nokon som har oversikt og at enkelte folk ikkje ser ting før ETTER at ting er vedtatt. For oss så verkar det då som at det som er vedtatt, ikkje er godtatt av alle, og at det derfor jobbas iherdig med å finne løysningar for å gå tilbake på ting som alt er bestemt.

Når ein er 5-6 år og skal på skulen, så er det uendeleg langt å reise ned til Drangedal. For Tørdal, det er ikkje bare Bø. Nei, Bø er ytre delen av Tørdal skulekretes slik skulekretsen er nå. Bø er senteret der skulen og barnehagen ligg, men grendene vidare oppover har alt eit stykke reiseveg for å kome ut dit. Både frå øvst i Østredalen og i Vestredalen er det 14-15 km reiseveg ut til skulen på Bø.

Nærskuleprinsippet, er at alle barn har rett til å gå på skole i nærmiljøet de sokner til. Det vil sei at med Tørdal skule nedlagd, vil nærskulen deiars være Drangedal 10-årige. DET vil me IKKJE sei er nærskule for nokon frå Tørdal. Ein veit at elevar som går på skole i sitt eget nærmiljø, opplever ei sterkare tilhørsle til skulen og lokalsamfunnet. Det er trygt, trivselsfremjande og aukar motivasjon for læring når skulen er ein del av eit lokalsamfunn.

Prinsippet om «barnets beste» (Grunnloven § 104, Barnekonvensjonen art. 3): «Ved handlingar og avgjørsler som angår elevar, skal det som er best for eleven være et grunnleggande hensyn. Dette betyr at kommunen skal utrede og legge vekt på hensynet til barnets beste i en avgjørelse om skolenedleggelse/skulestruktur, og vise hvordan dette hensynet er identifisert og veid opp mot andre hensyn.» Her er det litt å ta tak i. Det er uendelig mykje som her må kartleggast og dokumenterast, og kommunens økonomi kommer då på utsida av dette. Omsynet til barnets beste er eit vidt begrep. Ein kan uansett ikkje måle livskvalitet, livsverd, trygghet og trivsel opp mot kommunens økonomi. I høringa er det skrevet flest punkt på positive sider ved nedlegging og punkta er utdjupa. De få negative konsekvensane ved nedlegging, er utan utdjuping...

Om skulen leggst ned, (og det ikkje er andre moglegheiter for å gå på skule i Tørdal) seier det seg sjølv at få eller ingen familiar med ungar eller med planer om å starte familie vil busette seg i Tørdal. Ungdommar reiser ut på skule, og ein tenker at ein del av dei kjem att og busett seg her. Men vil dei det, utan eit jamgodt tilbod til det som andre i kommunen har? Tørdal er plassert så fint med kort vei til både Vrådal, Kviteseid, Seljord og Nissedal i tillegg til Drangedal. Ein må då tenkje at fleire har arbeid utanfor kommunen, og då ikkje vil få

kvardagen til å gå opp om dei må kjøyre til SFO i Drangedal før dei for eksempel skal på jobb i Kviteseid.

Eg (Gunn Marit) har i høring tidlegare skrevet om hendingar på bussen ned til Drangedal. Det er ikkje ofte eg har tatt bussen, men kvar gong har det vore krangling og uheldige hendingar. Og eg meiner at om små ungar skal være på bussen ned til Drangedal, så MÅ det være med andre vaksne i tillegg til bussjåføren. Verda er komet litt lengre enn for 10-20- eller for den saks skyld 50 år sidan, og ein veit meire om kva som skjer mellom ungar når det ikkje er vaksne til stades. Det er ikkje utan grunn at det er fleire lærare ute i friminutta nå enn før. Og når ungar reiser heimanfrå opptil 55 minuttar før skulen startar, må skulen, altså kommunen, au ta ansvar for det som skjer i den tida.

Me er vel heller ikkje dei einaste som lurar på kva kommunen meiner med at Tørdal (BØ) skal verre eit av tre senter i kommunen. Eit senter er gjerne ein levande stad med butikk, skule og barnehage mm. Ein tenker liv og vekst rundt eit senter. Kyrkja som før var ein samlingsstad, står ikkje lenger så sterkt som den har gjort. Det naturlege å samle seg om er då skule, barnehage og aktiviteter som ungane er med på. Når skule er tenkt nedlagd, blir det færre ungar, og barnehagen vil au bli uttynna. Ein må ha noko meire enn ein butikk for å kunne kalle det eit senter, og for å kunne tru at det skal fortsette å være eit samfunn fullt av liv. Der kommunen faktisk ønsker vekst (og ikkje bare skriver det på eit papir), må ein kunne forvente at det er både barnehage og skule. Ein må au forvente at kommunen faktisk styrkar tilbodet for å gjere det meire attraktivt å bu der. Ein kan ikkje satse utan å leggje noko i potten, men det kan det sjå ut som kommunen gjer i Tørdal.

Ein ting som ofte nemnast når folk samlast her i Tørdal, er at store delar av kommunens inntekter kjem frå Tørdal. Kraftinntektene frå Tørdal er frå 8-10 millionar kroner og oppover kvart år, og er gode å ha for kommunen. Men har kraftmillionene komet i kommunens «lommebok», så er de lite å sjå til i Tørdal. Kanskje burde litt av detta overskuddet som kommer frå krafta i Tørdal, øyremerkast for skule og bygdeutvikling her oppe? Nokon vil jo ha både i pose og sekk, og slik kan ein vel sjå på det kommunen vil gjere her au: jau takk, me tek pengane frå krafta, og legger ned Bø skule au.

Om kommunen faktisk gjer tabba å gå for å endre skulestrukturen, så vil det berøre mange. Det blir mange følelsar, folk vil både verte triste og sinte og uendeleg skuffa. Det vil påverke ikkje bare familiar med ungar i aktuell alder, men au besteforeldre, naboar og alle som bur i bygda Tørdal. Grendene vil tynnast endå meire ut, og samansetninga aldersmessig skjeivfordelast ennå meire enn før. Eit samfunn bør bestå av menneske i alle aldrar, ikkje berre unge eller berre gamle. Skal ein tenke på å oppretthalde innbyggjartalet i kommunen, så må ein au tenke på grendene!

MVH

Gunn Marit Sand Hagen og Rune Hagen

Dale 22

3753 Tørdal